

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 24.03.2014
Tidspunkt: 10:00 – 14.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Torill Vebenstad	Leiar	A
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Lars Erik Dalland	Nestleiar	H
Randi Stang Volden	Medlem	H
Elisabeth Næverlid Sævik	Medlem	KRF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor, Deloitte t.o.m. PS 26/14
Stine Karoline Olsen	Forvaltningsrevisor, Deloitte
Line Margrethe Johnsen	Forvaltningsrevisor, Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar sekretariat for kontrollutvalet

Torill Vebenstad
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 17/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 18/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 19/14	Meldingar		
RS 7/14	Fokus på etikk i Hordaland fylkeskommune - status	2014/1683	
RS 8/14	Bybanen AS - avklaring skatteplikt	2014/12431	
RS 9/14	Status pr februar 2014 frå BRB på selskapskontroll	2014/10494	
RS 10/14	Status forvaltningsrevisjon digital skule	2014/386	
RS 11/14	Finansforvaltninga i 2013	2014/927	
RS 12/14	Godkjenning av prosjektrekneskap - Hjeltnes vgs - utbetring av vatn og avløp	2014/65	
RS 13/14	Eigarskapsmelding 2014 - forenkla melding	2014/10543	
RS 14/14	Invitasjon til fagkonferanse Forum for Kontroll og Tilsyn i Haugesund 3.-4.6.14	2014/10539	
RS 15/14	Oppfølging av selskapskontroll - notat om "Praktisering av habilitet - rutiner for fylkespolitikarane	2014/10543	
RS 16/14	Vedkomande Dykkar brev 5. desember 2013 mm	2014/13019	
RS 17/14	Anbefaling fra ESA om endringar innan offentleg tannhelse	2014/10502	
PS 20/14	Forslag til møteplan for kontrollutvalet for første halvdel 2015	2014/10501	
PS 21/14	Godkjenning av 6 prosjektrekneskapar innan universell utforming og innan skulesektoren	2014/10499	
PS 22/14	Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet - Revisjonsrapport	2014/10537	
PS 23/14	Forslag til kurs i regi av Deloitte	2014/10532	
PS 24/14	Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/10533	
PS 25/14	Forvaltningsrevisjon innan - Internkontrollsystem og HMT - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/10535	
PS 26/14	Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/10536	
PS 27/14	Prosessmøte - Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016	2014/10495	
PS 28/14	Prosessmøte - Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016	2014/10496	
PS 29/14	Bestilling av selskapskontroll	2014/10496	
PS 30/14	Opplæring for kontrollutvalet 6. - 7.5.14 - Status	2014/10539	
PS 31/14	Rekneskapsresultat hittil i 2014 for kontrollutvalet	2014/10498	
PS 32/14	Gjennomgang av møteprotokollar	2014/10500	
PS 33/14	Eventuelt		

PS 17/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 18/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Vedtak

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

PS 19/14 Meldingar

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

RS 9/14 Status pr. februar 2014 frå BRB på selskapskontroll

Kontrollutvalet tek til orientering tilbakemeldinga frå BRB. Det går fram av tilbakemeldinga at frist for ferdigstilling av fleire av tilrådingane er i løpet av første halvår 2014. Kontrollutvalet ber difor om å få ny statusrapport innan utgangen av august 2014.

Slikt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status innan utgangen av august 2014.

RS 10/14 Status forvaltningsrevisjon digital skule

I samband med forrige tilbakemelding på denne rapporten gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:
«Kontrollutvalet registrerer at det er mange av tiltaka i denne handlingsplanen som enno ikkje er på plass og vil i samband med utarbeiding av årsmelding for utvalet for 2013 be fylkesrådmannen om å komme med ny status på området pr. 31.12.13.»

Kontrollutvalet registrerer at det framleis er fleire av tiltaka i handlingsplanen som ikkje er på plass og ber om å få ny tilbakemelding innan utgangen av august 2014 når det gjeld punkta 6.2., 8.1., 8.2. og 8.3.

Slikt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet registrerer at det framleis er fleire av tiltaka i handlingsplanen som ikkje er på plass og ber om å få ny tilbakemelding innan utgangen av august 2014 når det gjeld punkta 6.2., 8.1., 8.2. og 8.3.

RS 14/14 Invitasjon til fagkonferanse Forum for Kontroll og Tilsyn i Haugeseund 3.-4.6.14

Kontrollutvalet vart samde om at Lars Erik Dalland skal delta på denne konferansen begge dagar. Torill Veбенstad ønskjer å delta berre på dag 1, utan sosialt arrangement. Sekretariatet syter for påmelding. Dei som elles ønskjer å delta på konferansen tek kontakt med sekretariatet så snart som råd der.

Slikt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lars Erik Dalland skal delta på FKT-konferansen begge dagar. Torill Vebenstad skal delta på dag 1, utan sosialt arrangement. Sekretariatet syter for påmelding. Dei som elles ønskjer å delta på konferansen tek kontakt med sekretariatet så snart som råd der.

Meldingane vart elles teken til orientering.

PS 20/14 Forslag til møteplan for kontrollutvalet for første halvdel 2015

Forslag til vedtak

Forslag til møteplan vert godkjend slik den ligg føre.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag til møteplan vert godkjend slik den ligg føre.

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni
Kontrollutvalet		16.	23.		4.	17.

PS 21/14 Godkjenning av 6 prosjektrekneskapar innan universell utforming og innan skulesektoren

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvissande bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvissande bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.

PS 22/14 Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.

2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til råvælde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.
3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
 - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
 - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngeve, og at grunngeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
 - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
 - Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.
4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine egne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.
5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.
6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.
7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av tilskotsforvaltning innan kulturområdet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Presentasjonen vart delt ut på papir i møtet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere rapporten på fylkestinget i juni 2014. Det er ønskeleg at saka vert handsama på dag 1 av tingsetet, den 11.6.14.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.
2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til råvælde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.
3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
 - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
 - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngeve, og at grunngeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
 - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
 - Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.
4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine egne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.
5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.
6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.

7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 23/14 Forslag til kurs i regi av Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at Deloitte arrangerer kurs innan..... i 2014.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Espen Hordvik frå Deloitte presenterte forslag til aktuelle kurs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Forslaget vart også delt ut på papir i møtet.

I møtet kom det fram at det er ønskjeleg å legge inn kurs om habilitet i sakshandsaminga i oversikten.

Etter felles diskusjon vedtok kontrollutvalet samrøystes å be Deloitte gjennomføre halvdagskurs: «Spesialtilpassa MVA-kurs – Fokus på investeringar» i første halvår 2014. Vidare vart det semje om at Deloitte skal ajourføre oversikten ut frå dei signala som kom fram i møtet. Den ajourførte oversikten vert å leggje fram for utvalet til vidare handsaming og prioritering i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte arrangerer halvdagskurs: «Spesialtilpassa MVA-kurs – Fokus på investeringar» i første halvår 2014.
2. Vidare vert Deloitte beden om å ajourføre oversikten ut frå dei innspela som kom fram i møtet og sende den til sekretariatet innan 9.4.14.
3. På bakgrunn av ajourført oversikt skal utvalet i neste møte gjera prioritering av dei neste kursa som skal gjennomførast.

PS 24/14 Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Line Margethe Johansen frå Deloitte orienterte om status for arbeidet med forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 25/14 Forvaltningsrevisjon innan - Internkontrollsystem og HMT - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Line Margrethe Johansen frå Deloitte orienterte om status for arbeidet med forvaltningsrevisjon innan internkontroll og HMT og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 26/14 Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Line Margrethe Johansen frå Deloitte orienterte om status for arbeidet med forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det er litt usikkerhet om frist for levering av revisjonsrapport som er sett til innan utgangen av juni vil halde. Dette vert å komme tilbake til i neste møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 27/14 Prosessmøte - Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner forslag til revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 med tilhøyrande analyse.
2. Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vert å sende fylkestinget til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Stine Karoline Olsen og Line Margrethe Johansen frå Deloitte leia prosessmøte med kontrollutvalet i høve evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016. Notat utarbeidd av revisjonen på bakgrunn av dei undersøkingar som dei hadde gjort før møtet, vart delt ut i møtet og vart eit viktig utgangspunkt for prosessen.

På bakgrunn av den gjennomførte prosessen kom kontrollutvalet samrøystes fram til slikt vedtak.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Deloitte vil redigere evaluert plan for forvaltningsrevisjon i tråd med det som kom fram i møtet.
2. Forslag til redigert plan og analyse skal sendast sekretariatet innan 9.04.2014 med tanke på endeleg vedtak i neste møte i utvalet.

PS 28/14 Prosessmøte - Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner forslag til revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 med tilhørende analyse.
2. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert å sende fylkestinget til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Stine Karoline Olsen og Line Margrethe Johansen frå Deloitte leia prosessmøte med kontrollutvalet i høve evaluering av plan for selskapskontroll 2012 – 2016. Notat utarbeidd av revisjonen på bakgrunn av dei undersøkingar som dei hadde gjort før møtet, vart delt ut i møtet og vart eit viktig utgangspunkt for prosessen.

På bakgrunn av den gjennomførte prosessen kom kontrollutvalet samrøystes fram til slikt vedtak.

Vedtak

1. Deloitte vil redigere evaluert plan for selskapskontroll i tråd med det som kom fram i møtet.
2. Forslag til redigert plan og analyse skal sendast sekretariatet innan 9.04.2014 med tanke på endeleg vedtak i neste møte i utvalet.

PS 29/14 Bestilling av selskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra selskapskontroll innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan(-ar) i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan (-ar) vert å sende til sekretariatet seinast innan 7.4.14.
4. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til godkjenne prosjektplanen.
5. Prosjektplanen vert lagt fram som melding i neste møte i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

På bakgrunn av evaluert plan for selskapskontroll, og etter felles diskusjon i møtet, vart kontrollutvalet samde om å be Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS og Hardangerbrua AS.

Deloitte vil utarbeide forslag til prosjektplanar til neste møte. I dette vil kontrollutvalet også ta stilling til om andre kommunale eigarar skal verte invitert til å delta i selskapskontrollane.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS og Hardangerbrua AS
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplanar vert å sende til sekretariatet seinast innan 9.4.14 med tanke på godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

PS 30/14 Opplæring for kontrollutvalet 6. - 7.5.14 - Status

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune v/ kontrollutvalet, dekkar inntil kr. 10.000,- i felleskostnader ifm. arrangørplikter knytt til folkevaldopplæring for dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet, 6.-7. mai 2014.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om status i høve planlegging av felles folkevaldopplæring for kontrollutvala i dei 4 Vestlandsfylka 6.-7.5.14 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune v/ kontrollutvalet, dekkar inntil kr. 10.000,- i felleskostnader ifm. arrangørplikter knytt til folkevaldopplæring for dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet, 6.-7. mai 2014.

PS 31/14 Rekneskapsresultat hittil i 2014 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2014 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Kontrollsjef Hogne Haktorson la fram og presenterte rekneskapsresultat hittil i 2014 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet og svarte på spørsmål frå utvalet.

Det var semje om at kr. 50.000,- frå ansv.stad 110200 konto 12780, vert nytta for eingangskostnader sekretariatet har hatt ifm. innføring av sak/arkiv-systemet ePhorte. Kostnad er ført på ansvar 110150 konto 12780.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2014 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teken til orientering.

PS 32/14 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkestinget 11.03.2014
- Fylkesutvalet 19.02.2014
- Kultur- og ressursutvalet 11.02.2014
- Opplærings- og helseutvalet 11.02.2014
- Samferdselsutvalet 12.02.2014

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

PS 33/14 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Det kom opp desse sakene under eventuelt:

Lokalisering av møtet i kontrollutvalet 25. – 26.8.14

Kontrollutvalet ønskjer at møtet i august skal leggjast til indre Hardanger med synfaring/besøk i kommune (-ar). Vidare er det ønskjeleg med synfaring/besøk på institusjonar el. i området som får fylkeskommunalt tilskot. Utvalet ber om at sekretariatet førebur møtet ut frå desse signala.

På bakgrunn av dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur augustmøtet med lokalisering til indre Hardanger inkludert synfaring/besøk i kommune (-ar). Vidare er det ønskjeleg med synfaring/besøk på institusjonar el. i området som får fylkeskommunalt tilskot.

Ny dato for møtet 22.september

Leiar i kontrollutvalet er bortreist 22.9.14. På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om å endre møtedatoen til 19.9.14.

Slikt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møtet i kontrollutvalet som var planlagt til 22.9.14 vert endra til 19.9.14.

Hendvending frå Eidsland Grendalag angående FV 569

Kontrollutvalsleiar Torill Vebenstad og kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om henvending utvalsleiar har motteke frå Eidsland grendalag. Vidare orienterte kontrollsjef om undersøkingar sekretariatet har gjort med samferdselsavdelinga i høve denne henvendinga. Det er m.a. komme fram at administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har lova at dei vil sende svar til grendalaget.

På bakgrunn av informasjonen som kom fram gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet utset handsaming av denne henvendinga til Hordaland fylkeskommunen har sendt svar til Eidsland grendalag.